

Evaluering kjøkkenkomite 17 Mai 2016.

Me sendte ut eit skriv med informasjon og registrering av kven som var tilstades på dagen tidleg. (medio april) dette var i hovudsak for å få oversikt til å sette opp vaktlistene til kafeane men og for å sjå kor mange som ikkje var heime. (alle vart oppfordra til å stille året i forvegen). Kunne gjerne vore endo meir tydeleg på dette. Td signatur tilbake på at folk har motteke oppgåvane sine og kan stille.

Me laga ei facebookgruppe for å få sendt ut informasjon. Enkelt og greit. Der la me og ut vaktlister og kakelister slik at me var sikker på at alle fekk dei.

Aud jorunn og Brit Hege gjekk gjennom innkjøpslistene saman i god tid på førehand. Greit å ver fleire om dette. Bestillinga vart sendt til kiwi sagvåg inkludert isbestilling. Kun isboks og plakatar kom frå Hennig Olsen. Me fekk berre ein isplakat men hadde hatt bruk for to.

Me hadde tre kafear, Ein inne i gymsal, ein utanfor og ein oppe ved 5/6 trinnet i tillegg så hadde me issalget i ein eigen krok utanfor gymsalen. 7. trinnet 2015/2016 var ikkje eit stort kull så me brukte mor, far og elevar til å jobbe i kafeane. Det gjekk greit. Nokre av foreldra gjekk glipp av appellen som ungane deira hadde og det var litt dumt.

I iskiosken var det veldig travelt første timen, var ein voksen men mange elevar kom for å hjelpe. Det var flott. Hadde vert nyttig med to vaksne, ein som hadde kontroll i isboksen og ein som støtta elevane. Det var veldig mange forskjellige typar is noko som gjorde det vanskeleg å ha oversikt i isboksen. (Kan vere lurt å få tak i to isboksar.)

Bestill mindre typar is til neste år. Kjøp meir sandwich, big deal, Daim balltopp og softshake. Går mest av dei vanlegaste typane is.

Me var tre stykker nede 16 Mai for å ordne til og sette fram panner, kaffitraktarar, fordele rundt brus osv. 6. trinnet som hadde med rydding, pynting og sette fram bord tok seg av å finne fram bord til kafeane. Det var veldig greit då dei har litt oversikt over kor borda er og kva som skal brukast dei ulike plassane. Dn jobben er ikkje plassert heilt i arbeidsfordeling, men eg føreslår at det vert lagt til 6 trinnet i pynte og rydde komite.

Me hadde pølsesalg kun i kafeane nede ved gymsalen. Det var etterspørsel etter pølser oppe ved 5/6 trinn og så det kan nok lettet litt på kjøane ved å selge pølser der oppe og.

I tillegg så kan det vere lurt at ein eller to har som oppgåve i kafeane å berre legge pølser i brød så kan dei som tar imot bestillingar berre hente pølser som er klar. Vart ein del venting rundt pølsegreyta. Den første timen vert det sold mykje pølser.

NB! Det vart for lite pølsebrød. Me hadde bestilt 45 pakkar x12 stk. me fekk levert 42 pakkar x 8 stk. Me fekk dermed 204 pølsebrød mindre enn bestilt. Fikk etterlevert 18 pakkar x 12pølsebrød, brukte 11 av desse. Stor takk til ho som var innom jobb å henta!!

Me hadde akkurat nok kaker i år. Var ein del som ikkje leverte. Litt av grunnen til dette kan nok vere at 17. mai kom som fridag etter pinsehelga og mange var vekkreist. Viktig å minne alle på i forkamt om at dersom dei ikkje er med på 17. mai feiringa må dei likevel bidra med kaker. Enten bestille å få levert eller få hjelp av vener og familie.

Me kjøpte inn saft i år. Ja, lurt for nokon drikk ikkje brus, men mange kjøper no saft i stadenfor brus og me sel dermed mindre av det. Dei som ikkje drikk brus kan kanskje få vatn?

Er usikker på kor mange teskjeier det var i utgangspunktet, kjøp inn slik at ein har ca 1000stk, gjeld også fat. Det går mykje serviettar, kjøp inn minst 30pk. Bedre å kjøpe rikeleg av dette heller enn å ha for lite, då det kan oppbevarast på 17 mairommet til neste år.

Treng ikkje kjøpa verken plastfolie eller aluminiumsfolie, det opna ikkje me, ligg på lager.  
Lurt å kjøpa inn rull med kvite bosssekker til bossbøttene.

Kafeane opna 11.15 då begynnar folk å kome tilbake frå kyrkja. Det er greit å kome I gang.

Brit Hege Nøtland, Laila Trasti og Lene Vikanes Mättala